

Informasjon om digital postkasse

Digital postkasse frå e- Boks og Digipost gir deg ein sikker løysning for å ta i mot og oppbevare viktig post frå det offentlege digitalt. Det er gratis å opprette og bruke digital postkasse, og du kan lagre breva der så lenge du ønskjer.

Ta i mot post digitalt på ein sikker måte

Brev med vedtak, helseopplysningar eller anna sensitiv informasjon kan ikkje sendast på vanleg e-post fordi det ikkje er sikkert nok.

I e- Boks og Digipost sender det offentlege breva kryptert, og dei blir lagra på ein sikker måte slik at det berre er du som har tilgang til din eigen post. Du må legitimere deg gjennom ID- porten for å opne og lese posten.

Med ein digital postkasse hjå e- Boks eller Digipost kan du og ta i mot digital post frå private verksemder same staden som du tek i mot post frå det offentlege.

Dette får du med ein digital postkasse:

- **Du får post digitalt på ein sikker måte.** Vanlig e- post er ikkje ein sikker måte å sende meldingar på. Skal du kunne ta i mot viktige brev frå det offentlege digitalt, må du ha digital postkasse.
- **Du får post frå det offentlege på ein stad.** Med digital postkasse får du samla post frå det offentlege sikkert på ein stad. Du kan lagre posten så lenge du ønskjer. Det er gratis å opprette og bruke postkassa.
- **Du sparar miljøet og reduserer offentlege utgifter.** Med ein digital postkasse bidreg du til at det offentlege kan bruke fellesskapet sine pengar på andre ting enn porto, papir og transport samstundes som du er med å spare miljøet.

Du kan velje mellom to likeverdige postkassar

Du kan velje mellom to postkassar - Digipost eller e- Boks. Postkassane er likestilte og begge tilfredsstiller strenge krav til tryggleik. På same måte som du kan velje mellom ulike bankar og straumleverandørar, kan du velje den postkassa som passar best for deg.

Den største forskjellen mellom dei to postkassane er kva private verksemder du kan ta i mot digital post frå. Postkassane har òg ulikt design og noko ulike funksjonar. Dette kan du lese meir om på nettstadane til dei to postkassane. Om du angrar på den postkassa du valde, kan du enkelt bytte seinare om du ønskjer det.

Dette kan du få i din digitale postkasse

Nærare 300 statlege verksemder og kommunar sender brev digitalt til e- Boks og Digipost. Mellom anna kan du få politiattest frå Politiet og vedtak frå Nav. I 2017 får du òg skatteoppgjøret i din digitale postkasse. Alle statlege verksemder skal ta i bruk den digitale postkassa i løpet av 2016, og mange kommunar sender allereie brev digitalt til innbyggjarane sine. Du får ikkje reklame i den digitale postkassa di.

Slik opnar og les du posten din

Du treng ikkje sjekke om det er komet brev frå det offentlege i den digitale postkassa di. Kvar gong gang kommunen eller staten sender post til deg, får du varsel på SMS eller e- post. For å opne og lese posten din nyttar du same innlogging som du er van med å nytte når du sjekkar sjølvmeldinga eller nyttar andre offentlege tenester på nett.

- Når du får ny post, blir du varsla på SMS eller e- post.
- For å opne og lese brevet går du til heimesida til din valde postkasse.
- Logg inn i postkassa via ID- porten.

Du kan òg laste ned app frå både Digipost og e- Boks for enkelt å lese brev på mobil eller nettbrett.

Altinn for næringslivet, e- Boks og Digipost for innbygarane

Altinn vil bli brukt parallelt med digital postkasse i ein periode framover. Eit døme er sjølvmeldinga, som du framleis finn i Altinn. Målet er at all digital post frå det offentlege til innbygarane skal gå til din digitale postkasse.

Gradvis overgang til digital kommunikasjon

I tida som kjem vil du kunne oppleve å få post på papir frå det offentlege sjølv om du har oppretta ein digital postkasse. Det er fordi det vil ta litt tid før alle offentlege verksemder har teke i bruk digital postkasse for alle tenestene sine.

Ved å opprette ein postkasse er du klar til å ta i mot digital post den dagen det offentlege har behov for å sende deg noko. Om du ikkje opprett digital postkasse hjå e- Boks eller Digipost, vil du ta i mot brev på papir eller gjennom innlogging på portalane til offentlege verksemder.

Reservasjon mot digital kommunikasjon

Om du vil være sikker på å ta i mot brev frå det offentlege på papir, må du reservere deg mot kommunikasjon på nett. Men om du aldri har nytta ein offentlig teneste på nett som krev innlogging via ID- porten, vil du fortsatt ta i mot posten din frå det offentlege på papir. Du treng då ikkje reservere deg.

Du kan reservere deg på www.norge.no/reservasjon

På www.norge.no finn du meir om digital postkasse.